

Fra: Petroleumstilsynet[postboks@ptil.no]
 Dato: 01.10.2014 12:41:44
 Til: Petroleumstilsynet
 Tittel: VS: Svar på høyring, endringar i regelverk knytt til HMS

Fra: Åse Waage [<mailto:Ase.Waage@siofartsdir.no>]
Sendt: 30. september 2014 12:56
Til: Petroleumstilsynet
Kopi: Jacobsen Sigurd Robert; Torhild Nordtveit; Linda Bruås
Emne: Svar på høyring, endringar i regelverk knytt til HMS

Sjøfartsdirektoratet syner til høyring av 7. juli 2014. Vi har følgjande kommentarar til høyringa:

1. Generelt

- a. Høyringsdokumentene er ikkje i samsvar med Lovteknikk og lovforberedelse, jf. Utredningsinstruksen 7.1. Det er difor vanskeleg å få oversyn over og forstå kva endringar som er føreslått, og kva konsekvensar dei vil føre med seg. Vi syner særleg til underkapittel 5.7.6 i Lovteknikk og lovforberedelse. Etter Sjøfartsdirektoratet si meining vil uoversiktlege høyringsdokument gjere det vanskeleg å opplyse saka «så godt (...) som mulig før vedtak treffes», jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker § 37 første ledd.
- b. Bruken av ordet «fartøy» i Petroleumstilsynet sitt regelverk er etter vårt syn uheldig, av di den naturlege forståinga av ordet tilseier at også flyttbare innretningar er femna. Sjøveisreglene definerer fartøy som «enhver farkost, innbefattet farkoster uten deplasement, sjøfly og WIG-fartøy, som brukes eller kan brukes som transportmiddel på vannet». «Fartøy» omfattar dermed flyttbare innretningar, og Sjøfartsdirektoratet er av den oppfatning at der Ptil har omtalt fartøy i sitt regelverk, så er det meint «skip».

2. Kommentarar til innretningsforskrifta:

- a. Til § 1: Ifølgje forslaget til ny bokstav a tredje strekpunkt er det gjort unntak frå forskrifta for utsettingsarrangement til rednings- og evakueringsmidlar. I praksis vil dette seie at dei bør følgje NORSOK R-002. Utforming av redningsflåtar skal ikkje vere unnateke frå forskrifta, jf. bokstav a andre strekpunkt. MES (marine evakueringsystem), til dømes flåtar med redningsstrømper, er det vanlegaste flåtearrangementet på nye flyttbare innretningar, og Sjøfartsdirektoratet er usikker på om forslaget tek tilstrekkeleg omsyn til utsetjingsdelen for desse arrangementa. Slik vi ser det er slike system ikkje særleg nemnt i NORSOK R-002. Sjøfartsdirektoratet har tidlegare hatt ei tilvising til internasjonale krav for MES, som alle MES vi kjenner til så langt er bygd etter, i vår redningsforskrift. Ved ein inkurie forsvann tilvisinga ved siste revisjon av forskrifta. Vi arbeider med eit nytt forskriftsforlag som mellom anna skal ta inn denne tilvisinga igjen. Det vert fremja forslag om å innføre krav om redningsstrømper i § 44 femte ledd. Etter vår meining bør det difor vere relevante krav til denne typen utsetjingsarrangement. Denne kommentaren gjeld også rettleiingsteksten.

Vidare meiner vi at MOB-båt bør nemnast spesifikt i forskriftsteksten, ikkje berre i rettleiinga, for å klargjere kravet. Ein kan etter vår meining ikkje vente at brukarane skal ha detaljert kjennskap til kvar Petroleumstilsynet trekk grensa mellom rednings- og evakueringsreiskapar. Det kan også vere aktuelt å gjere nytte av MOB-båt som evakueringsmiddel. Vi føreslår difor følgjande tekst i andre strekpunkt: «livbåter og andre evakueringsmidler. Unntaket omfatter ikke utforming av redningsflåter og MOB-båter.»

- b. Til § 44 første ledd: Vi er ikkje sikre på om regelverket vert meir oversiktleg ved å ta ut formuleringa «raskt og effektivt ... under alle værforhold», og erstatte den med tilvisingar til føresegnar med tilsvarande krav. Uansett synast § 44 første ledd overflødig ved sida av ny tekst i aktivitetsforskrifta § 77.

- c. Til § 44 tredje ledd: Etter vår vurdering vil bruk av fritt-fall-livbåtar ikkje alltid vere gunstig. I slike tilfelle bør ein søkje betre løysingar, ikkje berre noko som er «tilsvarende».
 - d. Til § 44 fjerde og sjette ledd: I fjerde og sjette ledd vert det teke utgangspunkt i tryggleiksnivået som er nemnt i respektive tredje og femte ledd (*...for å oppnå sikkerhetsnivået for evakuering til sjø som nevnt i tredje/femte ledd...*). Slik vi ser det, gjev ikkje tredje og femte ledd tilstrekkelege haldepunkt for kva tryggleiksnivå det er tale om, slik at innhaldet i krava i fjerde og sjette ledd vert uklårt. Vår kommentar synast og å vere støtta av rettleiinga til paragrafen, fjerde avsnitt, som seier at *...sikkerhetsnivået etter paragrafens tredje og fjerde ledd skal...*
 - e. Til § 82: Etter vårt syn er føreslegne § 82 sjette ledd ikkje ei ikrafttredingsføresegn, men derimot ei avgrensing i verkeområdet. Den bør difor takast inn i verkeområdeføresegna. Ei slik endring vil gjere regelverket meir oversiktleg.
3. Kommenterar til rettleiinga til innretningsforskrifta
- a. § 44: Ifølgje gjeldande rettleiing bør kravet til evakuering og evakueringmiddel oppfyllest ved å følgje NORSOK S-001, med unntak av tilvisinga til SOLAS og nasjonale maritime krav i 21.4.3. Sjøfartsdirektoratet kan ikkje sjå at det då er krav til typegodkjenning og testing. Når no dette og vil omfatte flyttbare innretningar stiller vi spørsmål til om det skulle vore slike krav.
 - b. Til § 44 fjerde avsnitt: Sjøfartsdirektoratet trur det vil vere vanskeleg å overføre kravet om tilsvarande nivå som det som vert oppnådd ved bruk av DNV-OS-E406 til utsetjings- og opptaksarrangement, inkludert krokoppheng og liknande. Etter vår meining er det meir nærliggjande å skrive «evakueringsmiddel» i staden for «evakueringsløsning» i dette avsnittet. Utsetjings- og opptaksarrangement er slik vi har forstått det uansett femna av § 69 som i rettleiinga syner til NORSOK R-002.

Mvh

Torhild Nordtveit, rådgiver, regelverk og avtaler
Åse Waage, underdirektør, flyttbare innretninger